



Ytre del av båthamna sist helg. I pinsen kjem det mange gjester.

I pinsen kjem to seglforeiningar til Uskedalen. Det er Bergen seilforening og Fjell seilforening. Begge seglforeiningane har middag hos SmakifråOska på programmet; Fjell laurdagskvelden og Bergen seilforening søndag. Dei gode middagane til Roy Lervåg kjenner medlemene i Bergen seilforening godt til. Han hadde dei nemleg som faste middagsgjester om somrane medan han jobba i Rosendal.

Roy Lervåg fortel at begge seglforeiningane har tinga plass i hamna til Uskedal båtlag, og dei kjem kvar for seg. Fjell skal ha middag laurdag. Dei er rundt 30 som har bestilt, medan Bergen seilforrening er noko fleire, og dei skal ha middagen på søndag. Til forrett får dei asparges frå Hvasser og vaktelegg frå Seimsfoss. Dette vert servert med fenalår, kefirsaus og rugsmular. Som hovudrett er det to alternativ, og dei kan velja mellom kjøttrett og sjømat. Det er kalvefrikassè i frisk saus, servert med sommargrønsaker og urtepoteter, eller krema fisk- og skaldyrkasserolle. 4 variantar sjømat med fennikel og sommargrønsaker. Dessert er kvit sjokoladekrem med hylleblomst, rabarbra og jordbær.

Roy Lervåg fortel at han vil ha ope for andre gjester på dagtid både laurdag og søndag. Då byr han både på god lunsj og lettare middag.

Det er også alltid lurt å følgja med på plakaten ved Spar Uskedalen og facebook-sida til Smakifrå for å halda seg oppdatert om tilboda på Oska.

Det er tydeleg at ryktet om 'det gode kjøkkenet på Sandakaien' har spreidd seg. Det har vore god tilgang på slutta lag, og alt før sommarsesongen er starta, har det vore fleire tilreisande selskap der på middag. Det er tydeleg at Uskedalen har vorte ein meir attraktiv plass å reisa til etter at restauranten opna. Den nye strandstova i båthamna og alle aktivitetstilboda som er kome sentralt i bygda, vil også styrka tilbodet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.